

## TALE VED UTDELING AV SULT-PRISEN 25.08.1998

Gyldendals legat har lange og gode tradisjonar. Suksessen med Bjørnsons samla verk i 1932 gav grunnlag for den første kapitalavsetjing; den første prisutdelinga var på Gyldendals årsmålsdag i 1934, 2. januar. Olav Duun fekk prisen som den aller første, og det var ikkje noko mindreverdige legatstyre som stod bak den tildelinga: Harald Grieg, Francis Bull, Johan Bojer, Ola Thommesen og Jens Thiis. Så å seia kvart år seinare fram til midt i 1990-åra har det vore fast tradisjon at prisar frå Gyldendals legat har blitt delt ut den 2. januar, oftast til to forfattarar. Eg har vore med på det mange gonger.

Di siste åra har det vore særleg spennande å vera med i styret for Gyldendals legat - i lag med Linda Hambro, Atle Kittang, Geir Mork og Linn Ullmann. Forlaget har lagt økonomisk grunnlag for ei lett tradisjonsforandring med substans og ei omorganisering av prisane frå Gyldendals legat, bla med tildeling på andre tidspunkt enn 2. januar. Frå i fjor har vi ved presentasjonen av vårlista kunna dela ut den store Gyldendal-Prisen som går til «Særlig betydelige forfatterskap». Og i dag får dei som er her, vera med på å markera ein heilt ny pris frå Gyldendals legat, og for meg er det eit privilegium å få dela ut prisen denne aller første gongen. Den nye prisen har som de alt vil vita fått namnet Sult-prisen, den skal heretter årleg delast ut i tilknytning til Gyldendals haustmarkering. Det er som Gyldendal-prisen ein fri forlagspris og skal gå til, som det heiter i retningslinene: «et eminent yngre forfatterskap». Meir står det ikkje, ingen ting om kva det ligg i ordet eminent, og heller ikkje kva det ligg i namnet Sult-prisen. Vi vil vel helst ikkje at folk skal assosiera Sult-prisen, som elles er på 75.000 kroner, med armod og meteriall naud; då vil vi heller tenkja på at ordet *Sult* er eit godt ord i norsk litteraturhistorie, nettopp for det særleg eminente yngre forfattarskap, knytt til den 31-årige Knut Hamsuns tredje skjønnlitterære verk. Men for all del; vi krev ikkje at kvar og ein som får prisen, må bli ein ny Hamsun.

Prisen er meint som ein heider og har til føremål å setja nytt fokus på eit yngre forfattarskap som på ein særleg måte fortener det. I legatstyret har vi hatt interessante samtalar med mange namn på bordet, men ingen konflikt. Vi var uvanleg samde om at den aller første Sult-prisen, Sult-prisen 1998, skal gå til Jonny Halberg, fødd 1962, for ein forfattarskap på tre bøker hittil, der romanen *Trass* som kom ut på Kolon forlag i 1996, er eit opplagt høgdepunkt som utan vidare kan karakteriserast som eminent. Forfattaren sjølv brukar elles ikkje nemninga roman om *Trass*, men forteljing, og det er suverene forteljegrep i boka, som eg likevel kjem til å omtala som roman.

Jonny Halberg er også kjend som medansvarleg for manuset til suksessfilmen *Budbringeren*, og manuset kjem i bokform seinare i haust. Nett Jonny Halberg har elles slett ikkje gitt ut fleire bøker enn *Trass*, det er berre det at Jonny Halberg også er identisk med Jonny Berg som debuterte i 1989 på Oktober forlag med *Overgang til tertiær*, ni, tette poengterte noveller. Kritikken la merke til denne vesle boka på 109 sider, «det er bøker av denne typen vi treng», skreiv Paal-Helge Haugen. I 1992 kom ei ny novellesamling med den dystre tittelen *Gå under*, også no ni noveller, 110 sider denne gongen; det er ingen tvil om at det er ein forfattar som arbeider medvite med detaljane, også når det gjeld komposisjon til formidling av eit uhyre sterkt og spenningsfylt stoff. «Dei beste novellene er tvers gjennom perler av novellekunst», skreiv ein kritikar om *Gå under*, «på udefinerbar vis føyer de enkle ordene, setningene, situasjonsglimtene, seg sammen til små suggestive kunstverk», skriv ein annan.

I 1996 kom så romanen *Trass* som eg sjølv ikkje nølar med å kalla forteljekunst på høgt nivå, men det er ikkje utan vidare lett å omtala romanen slik at kunsten blir synleg gjennom omtalen. På ein måte er ein i kontakt med noko av stoffet og visse motiv om ein

seier at *Trass* er ein byggeroman med det ein kan kalla høg Harry-koeffesient. Samstundes er ein slik karakteristikk både avgrensande og misvisande. Det er meir treffande å seia at *Trass* er ein familieroman, om familiemedlemmer som er bundne til kvarandre med sterke band, og desse banda er knytte ihop i så forvridde kjensleknutar at dei aldri kan løysast; her er verkeleg kjærleik og hat på same tid; eit ord som kjærleik blir nok ikkje brukt i romanen; skulle eg velja eitt ord som samlar det eg opplever, ville det vera eitt som sjeldan er brukt i min nynorsk, nemleg det tvitydige «ømhet» som kan stå for det å vera så sår at ingen må ta på deg og samstundes stå for det å stråla ut varme, ømme kjensler mot andre, men dei kjenslene må du helst forneakta. Ja, det varme og det aggressive inntil brutalitet høyrer uløysleg ihop i denne trass-verda, eg skulle gjerne ha lese opp avsnitt etter avsnitt og vist kor fabelaktig Jonny Halberg fortel fram forhold mellom menneske, men dei som høyrer på kan jo lesa sjølve om de ikkje alt har gjort det, f.eks. s. 210-212, for det går godt å dvela ved situasjonar og detaljar, men for all del, les heile romanen.

Eg skal ikkje her attfortelja historia og gå nærare inn på miljøkarakteristikk. Det kan ikkje attforteljast utan å bli banalt. Kunsten er knytt til forteljinga slik den framstår i romanen *Trass*. Eg har sagt det er ein familieroman; eg nemner også at det er eit samansett forteljeperspektiv. Søskena Tomas, Sonja og Aksel frå den opplyste, men symbiotiske familien på Fekastad får kvar sine kapittel og kvar si opplevingsverd formidla i ei rad førstepersonsforteljingar. På den måten kjem det inn lag på lag i skildringa av hjelpeløyse, men eg påstår også, ein merkeleg solidaritet, om enn aldri så vridd. Jonny Halberg forklarar ikkje på sida av, og lesaren må følgja med for å få fram spenningane i dei røystene som fortel. *Trass* er ein roman som svarar til eit viktig kriterium for god forteljekunst. Teksten taper ikkje på å bli lesen to ganger; den garantien gjev eg, og eg veit at eg har heile legatstyret med meg bak den.

Vi er ikkje i tvil: Ut frå våre kriterium representerer Jonny Halberg eit «eminent yngre forfatterskap». Det er ei glede for meg å få be Jonny Halberg koma fram og ta imot den aller første Sult-prisen frå Gyldendals legat.

Otto Hageberg